

# Kyrkje- bladet

Nr. 5/22  
INFORMASJON  
For Fjell, Foldnes og Landro sokn



- SIDE 4 -

MENIGHETSWEEKEND  
MED FOLDNES

- SIDE 8 -

NORVALD ER BLITT  
PENSJONIST

- SIDE 10 -

KONFIRMANTJUBILEUM

# Kyrkjebladet

Kyrkjebladet for Fjell, Foldnes og Landro sokn. Det kjem ut 5 gonger i året og kostar kr 300,- pr. år. For utanbygds: kr 350,-.

**Utgjevar:** Øygarden kyrkjelege fellestråd

**Ansvarleg redaktør:** Annlaug Børve

**Redaktør og grafisk utforming:**  
Yngvild Mørner Sørheim

**Framsdebilete:** Foldnes kyrkjelyd er på tur på menighetsweekend

**Foto:** Maria Tveten

**Trykk:** Molvik Grafisk AS



## Bankgiro

**Kyrkjebladet:** 1503.84.37590

## Vipps

**Kyrkjeblada i Øygarden:** 736342



**Innleveringsfrist** for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Kyrkjebladet: 24. januar



## Kontaktinformasjon

**Adresse:** Øygarden kyrkjekontor,  
Tytbærbrekko 2, 5353 Straume

Vi har kontor i andre etasje i Temahuset.

**Telefon:** 400 03 316

**Ekspedisjonstid alle kvardagar:** 09.30–14.30

**E-post:** post.oygarden@kyrkja.no

**Nettsider:** www.kyrkja.no/oygarden  
www.kyrkja.no/t-dagen

**Bankkonto Øygarden kyrkjelege fellestråd:**  
1506.35.46523

## LEIAR

### Per Helge Refvik

Soknerådsleiar i Foldnes



I Foldnes kyrkje har vi ein visjon –"Di kyrkje for alle dagar".

Førre søndag var det allehelgensdag og i Foldnes tente vi lys for alle dei 58 som det var tatt farvel med i kyrkja vår det siste året. Diakonen vår, Ellen, minna oss på at det i kyrkja er rom for alle sider av livet. Sorg, sinne og fortvilning, men også glede og fred. Det slo meg at det er få stader i samfunnet vårt der vi møter så mykje ekte og sant liv som det vi opplever i kyrkja. Her finn vi folk i alle aldrar, som alle ber på sine bører og skattar. Det er nyfødde barn som skal døypast. Ungdomar som skal konfirmerast. Vi feirar brudepar. Og vi samlast på vanlege søndagar og på kvardagar.

I kyrkja møter vi Gud, men også kvarandre. Vi kan kjenne på at vi høyrer til i ein større samanheng. Med dei vi møter i vår eiga kyrkje. Med alle andre menneske i verda som søker eller trur på Gud. Og med alle dei som har gått framfor oss i tida.

No nærmar jula seg.

I ei tid der verda er uroleg, treng vi å minna kvarandre om håpet i juleevangeliet. Det er løfte om framtid i orda i Johannesevangeliet:

«Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det.»

Eg ynskjer deg ei fin adventstid. I kyrkjene våre er det i tida framover ei rekkje julekonsertar. Ta deg tid til å vera med på ein eller fleire av dei. Og du! Prøv å hugse på kva jula eigentleg handlar om...



Kyrkjebladet ønskjer alle våre  
lesarar ei riktig god jul og  
eit godt nytt år!

# Innhald

MENIGHETSWEKEND MED FOLDNES .....	4
NY SOKNEPREST I FJELL KYRKJE .....	5
KONSERTAR OG ARRANGEMENT .....	6-7
NORVALD ER BLITT PENSJONIST .....	8-9
KALDARE KYRKJER I ØYGARDEN .....	9
KONFIRMANTJUBILEUM.....	10-11
JOHANNES VART HEIDRA I SITT NÆRMILJØ .....	12
GLIMT FRÅ T-DAGEN .....	14
LANDRO HAR FÅTT INNOVASJONSMIDLAR .....	15
GUDSTENESTEOVERSIKT OG LIVETS GANG .....	18-19



## Sei noko om Jesus!



Den 30. november sluttar eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutseleg ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av vennen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med vennen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar». Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus.

På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

*Halvor Nordhaug*

# Skummelt og kjekt

Menighetsweekend om høsten har vært et fast innslag om høsten i Foldnes kirke og i år var det tiende gang det ble arrangert leir på Skjergardsheimen, nord i Øygarden.

**TEKST OG FOTO: MARIA TVETEN**



Maud og Fred Inge Vikanes var med på menighetsweekend for første gang



Mange var med på tur til Dethloff hytta

i kor og innrømmer at de holdt på å trekke seg.

På menighetsweekend denne høsten var det mange folk i ulike aldre. På lørdag var det bibeltime for de voksne, for ungdommene og for barn. Senere kunne de som ønsket bli med på tur til Dethloff-hytta. Det var nesten femti deltagere og nesten fullt. Flere var med for første gang, mens noen hadde vært med på leir 25 ganger!

Hva har vært det kjekkeste på menighetsweekend?

–Det å bli kjent, sier Maud. Det å sitte og småprate, da blir man jo kjent! – Ja, fortsetter Fred Inge og de gangene det har vært leker og quiz når vi har blitt satt sammen i grupper, det har vært kjekt!

Fred Inge og Maud Vikanes kom flyttende fra Åsane til Sotra og Fjell, for to år siden. De har vært innom Foldnes kirke ved flere anledninger og vi spør hvorfor de ble med på leir.

–Det var jeg som tok initiativ til det, forteller Fred Inge. –Etter at jeg var på en gudstjeneste hvor det ble informert om menighetsweekend, så tenkte jeg at ja, det høres kjempegodt ut. Det er mange år siden jeg har

vært på leir, men det er jo hyggelig og sosialt. Jeg foreslo det for Maud da vi kom hjem, fordi det er en god arena til å bli kjent med nye.

–Vi har jo lett etter et sted å gå, fortsetter Maud, og så er det jo en grei måte å bli kjent med folk på.

Vi spør om det var skummelt å reise på menighetsweekend. –Ja! svarer de

# Ny sokneprest på plass i Fjell

Søndag 23. oktober var det innsettingsgudsteneste for den nye soknepresten i Fjell kyrkje, Per Hjemdal.

TEKST: YNGVILD MØRNER SØRHEIM

FOTO: OLAV SØRHEIM



Under gudstenesta leste soknerådsleiar Jorunn Gjersvik opp kollas, eit tenestebrev frå biskopen, som er kyrkja si offiselle kall til teneste på ein særskilt stad.

Hjemdal heldt preika og prost Jan Tommy Fosse hadde forbønnen for Hjemdal si presteteneste, alle barna fekk vere med opp til alteret.

Kyrkjebladet kjem tilbake med eit intervju av Per Hjemdal i neste nummer.

## Med hjarte for konfirmantar og døypte



Raude papirhjarte, i ein «uro», voggar lett framme i Fjell kyrkje.

Kvar einiskild av konfirmantane i år, har fått namnet sitt innskrive på desse hjarta. Her skal dei gjennom heile konfirmasjonstida, voggande mjukt på ei vrihasselgrein, minna oss om at dei alle er så høgt elska av Jesus - at Han gav livet sitt for dei.

Om vi har fokus og blikket festa på JESUS - som kunstnaren, Bjørn Tvedt, her så vakkert har illustrert for oss på veggmåleriet over kyrkjeskipet, - så har han lova å vera med oss alle dagar så lenge verda står!

Alle desse symbola, eller raude papirhjarte, kan òg gjennom konfirmasjonstida sakte få «vogga seg inn» i kyrkjelyden sine eigne hjarte - og minna oss alle på at konfirmantane våre får bli med i våre tankar, bønner og fortrulege samtaler med vår himmelske Far.

Og på den mørke veggen bak alteret, under glasmåleriet, som har vore altertavla i Fjell kyrkje i snart 150 år, har vi hengt opp små gule hjarte. Her er fornamn og dåpsdato til barna som er boren fram til dåp, og synt fram for kyrkjelyden, dette året. Det er viktig å hugse på alle desse små i våre bønner.

*Tekst og foto: Ingalis A. Malmo*

Fjellkoret inviterer til:

# O, helga natt

Foldnes kyrkje, søndag 11. desember 2022  
kl. 18.00 og kl. 20.30



Fjellkoret er nå klare for årets to julekonserter, og inviterer kyrkjelyden til en stemningsfull førjulsstund med kjente og kjære julesanger, litt skjemt og litt alvor, musikkinnslag, fortellinger og ikke minst allsang. I år fremføres både verdslig og sakral julemusikk, og vi lover en hjertevarm førjulskveld i Foldnes kyrkje, søndag 11. desember kl. 18.00 og 20.30. Velkommen!



## Vi syng jula inn

**i Landro kyrkje**  
**søndag 11. desember kl. 17.30**

Landro barne- og teenskor  
Sotra Reviderte  
Øygarden kyrkjebrass  
Esther Enarsen – vokal  
Elisabeth Breistein Leganger – Kornett/Trompet  
Rune Landro – Saxofon  
Allsong og band  
Andakt  
Gløgg  
Gratis inngang - kollekt



## Vi syng jula inn

**i Foldnes kyrkje**  
**søndag 18. desember**  
**kl. 17.30**

Gospelkoret Lokal Vokal  
Sotra Storband  
Gratis inngang, kollekt



## Vi syng jula inn

**i Fjell kyrkje**  
**søndag 18. desember**  
**kl. 17.00**

Fjell Vocalis  
Fjell barnekor  
Ten Sing  
og solistar  
Gratis inngang, kollekt



**ADVENTSKONSERT**  
**Foldnes kyrkje**  
**Tirsdag 6. des. kl. 19.30**

*Fri entre, men mulighet for å støtte RAMP sitt arbeid*

## Skjer i kyrkja



For full oversikt over alle julekonsertar i kyrkjene i Øygarden kan du gå inn på [skjerikyrkja.no](http://skjerikyrkja.no)

Skjer i kyrkja er Den norske kyrkja sin nasjonale arrangementsportal. Målet er at du her enkelt kan utforske og finne arrangement som passar deg, der du er.

Du kan velge kommune og søkje på alle gudstenester, arrangement og konsertar i den kyrkja du vil gå i.

**Fjell kyrkje**  
**søndag 11. desember kl. 20**  
**Gratis inngang**

**Joy to the world!**

En julekonsert med gospelkoret Lokal Vokal og vokalgruppa Bless

## Sorggruppe



Kyrkja i Øygarden planlegg å starte sorggruppe med oppstart i desember. Grappa er for deg som har opplevd å miste nokon du er glad i. I ei sorggruppe møter ein andre som har mista nokon. Mange finn trøyst og støtte i å møte andre menneske som er i same situasjon, og å kunne dele erfaringar og tankar om sorga. Ei sorggruppe er ei samtalegruppa der medlemene snakkar saman og hjelper kvarandre ved å dele sine eigne erfaringar. Den består av 4-6 personar som møtast regelmessig, 10 gongar, og vert leia av ein diakon

og ein frivillig. I denne grappa er det Astrid Fylling og kreftsjukepleiar Inger Fosse som blir med. Grappa samlast på Straume slik at det blir greitt å nytte offentleg transport. Det vert ikkje stilt krav til tru for å få vere med i sorggruppe i regi av kyrkja, grappa er livsynsopen. Uansett kva du har opplevd og korleis sorga di ser ut, er du velkomen. Tilbodet er gratis.

Om du er interessert i å delta i sorggruppe, kan du sende mail til Astrid Fylling: [af226@kyrkja.no](mailto:af226@kyrkja.no). Alle som melder seg, blir kontakta.



# Den reiseglade pensjonist

Vi takkar for mange gode år med Norvald Snekkevik som driftsleiar for kyrkjer og gravplassar i Øygarden og ønskjer han ei god pensjonisttid!

**TEKST: YNGVILD MØRNER SØRHEIM**  
**FOTO: PRIVAT**

## **Kor lenge har du arbeid i kyrkja og kva har oppgåvene dine vore?**

Eg begynte som kyrkjetenar i Landro og kyrkjegardsarbeidar i Fjell Sokn så langt tilbake som i 1992. Stillinga var 50%, men ho vart etter kvart utvida til full stilling. Det var ein kjekk jobb som eg var tilsett i til 1998 - seks og eit halvt år. Då det skulle tilsetjast seksjonsleiar for kyrkje og gravplassar vart eg oppfordra til å søkja. Dette var ei nyoppretta stilling.

Eg søkte, og fekk jobben. Dette var i 2009. Etter 10 år borte frå staben i Fjell var det kjekt å komme tilbake. Det var ein mykje større stab enn den eg forlèt 10 år tidlegare. Ny kyrkje var det også komen (Foldnes). Den første tida hadde eg kontor i Foldnes kyrkje. Oppgåvene eg fekk som seksjonsleiar var mange og varierte. Eg hadde mellom anna ansvar for drift av kyrkjer og gravplassar og

personalansvar for kyrkjetenarar og kyrkjegardsarbeidarar.

Tida frå 1992 fram til 2009 hadde kyrkja endra seg vesentleg. Det var mange fleire folk i staben, ny kyrkje og fleire nye gravplassar å ta hand om. Dette gjorde arbeidet variert og interessant. Så kom kommunesamanslåinga og også samanslåing av fellesråda i Fjell, Sund og Øygarden. Det var plutseleg



mange fleire kyrkjer, gravplassar og tilsette å ta hand om. Vi vart store. Jobben med samanslåinga var interessant og lærerik, men baud også på utfordringar. Ei av dei viktigaste oppgåvene eg har følt på i mi stilling er oppgradering av gravplassane i kommunen. Dei fleste gravplassane er utvida i denne perioden og vi har også fått ein ny kyrkjegard på Foldnes og på Landro. Dette er reine parkområde som krev mykje stell og vedlikehald som eg meiner må prioriterast også i tida framover.

### **Kva er høgdepunkta du ser tilbake på i din kyrkjekarriere?**

Det er mange ting ein kan trekkja fram når det gjeld høgdepunkt etter lang fartstid i kyrkja. Men i driftsseksjonen vil eg nok trekkja fram flytting av klokketårn i Landro.

Dette har det vore jobba med i meir eller mindre 30 år. Elles vil eg trekkja fram det gode kollegafellesskapet vi har hatt i staben og det gode samarbeidet med eksterne leverandørar. Det har vore ein kjekk og innhaldsrik jobb eg har hatt i alle desse åra, som eg ser tilbake på med takksemd.

### **Du har no blitt pensjonist, kva planer har du for tida framover?**

Det er ei tid for alt, og så kom pensjonisttilværet til meg også. Når eg skriv dette ferierer eg og kona i varmare strøk, og det er fint. No tar eg ein ting om gongen og regner med at eg ikkje blir «arbeidsledig» med hus, stor hage, barn og barnebarn tett på. Jau, dette skal gå seg til. Eg er glad i å reise, gå på turar og køyre bubil og dette håpar eg at eg skal få meir tid til framover. Takk for gode år i kyrkja i Øygarden!



Norvald sender si helsing frå Gran Canaria.

## Varme fellesskap i kalde kyrkjer

I vinter vert temperaturen i kyrkjene lågare enn kyrkjegjengarane er vande med. Kyrkjevevja oppfordrar folk til å kle seg godt når dei skal til kyrkja.

Fellesrådet sine straumkostnadar er tre gonger så høg inneverande år som dei var i 2019. For å få ned kostnadane har fellesrådet fatta vedtak kyrkjene skal halde ein temperatur på 18-19 grader. Det er dermed blitt merkbart kaldare i kyrkjene.

I Fjell kyrkje er fleire av varmegjengingane øydelagde. I samband med renoveringa av kyrkja vil det kome nytt varmesystem. Fram til dette vil kyrkja verte oppvarma med dei fungerande varmegjengingane, og det vert ikkje sett inn ekstra varmeomnar. Det vert gjort unntak frå dette i desember. Men frå januar




Foto: Yngvild Mørner Søreheim

kan det innimellom verte kaldare enn den vedtekne brukstemperaturen i Fjell kyrkje. Soknerådet vil vurdere å flytte gudstenester og andre

arrangement inn i kyrkjelydssalen. Gravferder kan verte flytta til andre kyrkjer i kommunen når Fjell kyrkje vert for kald.

Besøkande i kyrkjene må ta høgde for at kyrkjene er kaldare enn dei er vande med. Varmen i det å møtast er likevel like sterk som han alltid har vore. Vi oppfordrar difor alle til å ta på seg varme klede, komme til kyrkja og vere med på å skape dei varme fellesskapa som vi alle ønskjer å vere ein del av.

*Annlaug Børve, kyrkjevevje*

# Konfirmant- jubileum

Etter to år utan konfirmantjublieum kunne vi endeleg invitere jubilantar til gudsteneste og deretter fest med middag, talar, mimring, kaffi og kakar.

**TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM**

Med 47 jubilantar frå fem kull satt praten laust og det vart fortalt mange gode historiar om konfirmanttida. Samlinga fann stad søndag 13. november med fullsett kyrkje til gudsteneste. Her kunne ein finne konfirmantar frå 1942, 1947, 1952, 1962 og 1972.

Etter gudstenesta var det fotografering. Deretter gjekk jubilantane inn til kyrkjelydssalen til fint dekte bord og servering av middag. Samlinga vart leia av sokneprest Bjarte Nese. Fleire av jubilantane heldt tale om korleis det var å bli konfirmert i si tid, kva dei måtte lære og om presten som stilte spørsmål frå både salmeboka og Bibelen. Her var det snakk om alt frå kva ein gjekk kledd med, til konfirmantleirar og aktivitetar. Etter middag var det både kake og kaffi. Stemninga var god og det var mange gledelege gjensyn.



Det var eit godt utval av kaker.



50-årsjubilantane



Jubilantane fekk servert god middag.



Sokneprest Bjarte Nese leia samlinga.



75-årsjubilantane



Thorbjørg Geitanger Møvik gjekk med korset ho fekk til konfirmasjonen i 1942.

### 80-årskonfirmant

Thorbjørg Geitanger Møvik var ei av to som var med av 80-årsjubilantane. Ho vart konfirmert 13. september 1942 av sokneprest Ingolf Boge. –Det var veldig usikre tider, vi visste ikkje om det kom til å bli konfirmasjon på grunn av krigen, fortel Thorbjørg. Men 5. mai fekk dei gå for presten og etter sommaren vart dei konfirmerte. På konfirmasjonsdagen gjekk dei i prosesjon frå presteboligen til kyrkja, alle var spente og glade for at konfirmasjonen skulle ta til.

–På grunn av rasjoneringar var det ikkje lett å kjøpe nye klede eller spesielle gåver, men eg var heldig som fekk ny kjole til den store dagen. Andre måtte låne av søsken og familie. Ingen hadde store forventingar til gåver, sjølv om ønske om å få armåndsurr var til stades.

Thorbjørg kan framleis hugse dagen sokneprest Boge las opp «Kirkens grunn» i Fjell kyrkje i april 1942. Og det gjorde sterkt inntrykk at han vart arrestert og sendt til konsentrasjonsleir under eitt år etter konfirmasjonsdagen.



Døtrene til Johannes Kleppevik: Marlen Kleppevik og Sigrid-Marthe Kleppevik.

## Johannes vart heidra i sitt nærmiljø

Nærare 300 personar møtte opp i grått ver i Klokkarvik søndag ettermiddag 9. oktober, då det var høgtidleg avduking av skulpturen av Johannes Kleppevik. Skulpturen er laga av Vidar Bratlund.

**TEKST: OTTAR VIK**  
**FOTO: VIGLEIK BREKKE**

Ordførar Tom Georg Indrevik, som fekk hjelp frå dei fire barnebarna til Johannes til å avduka skulpturen, sa at uansett om ein er bymann eller stril, så har ein høyrte om Johannes Kleppevik. Folk har høyrte dei flotte visene hans og dei fleste har nok vore med og sunge desse som allsong.

Johannes Kleppevik representerer det fellesskapet vi har. Gjennom engasjementet sitt for kyst- og strilekulturen har vi mykje å takka

Johannes for. Han var, som de veit, ein av dei sterke drivkreftene bak Torgdagen som no er av dei viktigaste hendingane i Bergen, sa ordføraren før han siterte frå songen «Eg har ein engel.»

Eg har ein engel med meg på vegen  
Han var der frå fyrste stund  
Frå vogge til grav han lyser  
Til slutt i min siste blund.

Eg har ein engel med meg på vegen

I ungdom og song og vår  
I livet han følgjer med meg  
I gode og tunge år.

Eg har ein engel med meg på vegen  
Når kvelden vert vond å gå  
Han styrer mitt steg i natta  
For dagen eg takkar då.

Eg har ein engel med meg på vegen  
Når livet mitt ebbar ut  
Han syner meg himmelstranda  
Her er ikkje sorg og sut.

# “Å ha noen er den store forskjellen”

Home-Start familiekontakten Øygarden feiret 15-års jubileum med lunsj-seminar i Foldnes kirke 21. november.



Rundt festbordet satt ansatte i kommune og kirke, politikere, frivillige, samt andre samarbeidspartnerer og venner av Home-Start.

Ordfører Tom Georg Indrevik åpnet med en hilsen hvor han understreket viktigheten av samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor.

Familieterapeut Kristina Ekerhovd-Ottersen holdt et spennende faginnlegg hvor hun pekte på den unike rollen som en frivillig familiekontakt

har i møte med familier i sårbare livssituasjoner.

Prosjektleder Anette Rakli Børnes understreket også at Home-Start fyller en oppgave som det offentlige hjelpeapparatet ikke kan rekke: “Når vi slår lyset av, slår Home Start lyset på”. Solveig Økland bidro med nydelig sang.

Home-Start Øygarden er i vekst, og inviterer til kurs for nye frivillige i februar.



Rong Senter | Sund Senter |  
Sartor Storsenter

**TREFF+ er ein frivillig organisasjon som i samarbeid med Øygarden kommune, Rong Senter, Sund Senter og Sartor Storsenter tilbyr seniorane ulike kultur- og handletilbod.**

## Program for vinter 2022:

- Data oppfriskingskurs: 01. desember 2022 klokka 10.00-13.00 på innbyggartorget og biblioteket, Sartor Storsenter.
- Litterær matpakke: siste torsdag kvar måned på innbyggartorget og biblioteket på Sund Senter og Sartor Storsenter.
- Juleavslutningar 11.00-12.30: framsyning ved Seniorkameratane:
  - 7. desember Rong Senter, moteshow ved Bricks
  - 8. desember Sartor Storsenter
  - 14. desember Sund Senter

Obs: inga påmelding, alle er velkomne og får ei lita gåve!

## Program for vår 2023:

- Datakurs for vidarekomne «Ikkje lat deg lura – IT-tryggleik på nett»: Februar til april 2023. (Det vert påreknna ein eigeandel).
- Litterær matpakke: siste torsdag kvar måned på innbyggartorget og biblioteket på Sund Senter og Sartor Storsenter
- Årsmøte Treff+: 29. mars 2023 klokka 13.00 på innbyggartorget og biblioteket, Sartor Storsenter
- Planlegg moteshow sommaren 2023.
- Treff+ kort: for medlemmar med ulike tilbod. Kortet kan du få på innbyggjartorga og biblioteket. Ein må registrera seg (gratis).

**Vi ønskjer alle seniorar i Øygarden hjarteleg velkomne til Treff+ - aktivitetar.**

# Glimt frå T11 og T10

## T11 På sporet av Jesus

Fredag 23. september var ein fin gjeng sjetteklassingar samla i Landro kyrkje. Dei fekk treffe mellom andre Maria Magdalena, Lukas og fiskaren Peter, og dei fekk nyte skikkeleg festmat heime hjå Sakkeus.



## T10 HalloTweens

Fredag 28. oktober var det over 100 "tweensarar" og mange flotte leiarar samla i Fjell kyrkje. Mange hadde tatt utfordringa om å kle seg ut. På programmet stod både gresskarandakt, song, kiosk, "BlimE-dans" og mange valfrie aktivitetar.



## Velkommen på T-dagar!



### Tårnagent

Lørdag 28. januar i Fjell kyrkje. Alle tredje-klassingar er hjarteleg velkomne til å bli betre kjende med både kyrkje-tårnet, kyrkjeskattane, dei underlege symbola og alt det andre spanande vi kan finne der. Ta med lommelykt!



### Bøn

Laurdag 18. februar i Foldnes kyrkje. Alle andre-klassingar er velkomne til å ta med seg heile stor-familien! Vi skal syngje, leike, ete, lage og lære. Alle familiane får etterpå med seg eit "bønenett" med mykje fint oppi.

Påmelding og meir info på  
[www.kyrkja.no/t-dagen](http://www.kyrkja.no/t-dagen)

# Landro sokn har fått innovasjonsmidlar i diakoni

I juni søkte vi Kirkerådet om midlar til eit prosjekt kalla «God nok». Nyleg fekk vi den gledelege nyhenda om at søknaden er innvilga. Det inneber ei 30% stilling i 1 ½ år frå 2023.



Torunn Nateland Utvær vart innsett som diakon i Landro kyrkje søndag 23. oktober. Her saman med soknerådsleiar Tove Karin Angeltveit, med Landro barne- og teenskor og sokneprest Bjarte Nese.

I prosjektet «God nok» vil hovudfokuset vere å styrke barn og unge si psykiske helse. Vi ynskjer å skape trygge møteplassar og fellesskap der den enkelte kan erfare meistring og bygge gode relasjonar til andre. Vi vil gje barn og unge verktøy som kan styrke dei i ungdomstida.

Innovasjonsprosjektet skal også bidra til å styrke kyrkja i lokalsamfunnet, og samarbeid med lokale aktørar vil vere sentralt i prosjektet. Vi ser fram til å utvikle prosjektet «God nok» i tida framover.

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen



**Ditt begravelsesbyrå på Sotra.**

**Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.**

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Grønmyrvegen 22, 5353 Straume (Bjørøygården)

**Φ HEDER**

**SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorggården, 2. etg, 5353 Straume  
**Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet**  
www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

**Fjell-ly**

**Leirstedet til IMF Midthordland**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

**Tlf. 56 31 04 40**  
**Fjell-ly leirsted**  
Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)



**Din lokale elektriker!**

**Thunestvedt**  
Vestgar

Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
**Tlf. 400 30 210**  
**vestgarelektro.no**  
**vestgar@thunestvedt.no**

**BYGGESELSKAPET A/S**

5357 FJELL  
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203  
Fax. 56 32 08 75



**Bergen Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



**Bjorgvin** Døgnvakt 55 20 23 00  
**BEGRAVELSESBYRÅ** [www.bjorgvin-b.no](http://www.bjorgvin-b.no)

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

**TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?**

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS** 22 40 00 40 **SOS** CHAT **SOS** MELDING **KIRKENS SOS**

**v:pps**

Øygarden kyrkjelege fellesråd: 82511

Basecamp RePro: 76162

Fjell kyrkje: 80304

Foldnes kyrkje: 76022

Landro kyrkje: 96889

Merk meldingen med føremål og dato

**Takk for di gåve!**



# Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

## Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Maria Wergeland, tlf. 924 08 805
- Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Ellen Ebbesvik, tlf. 924 42 881
- KM Kluzz:** Ca. ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. Myldredag m. middag og aktivitet, for heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen, tlf. 950 14 498
- RAMP:** Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo, tlf. 478 23 425
- Gospelkoret Lokal Vokal:** Kvar onsdag kl. 19.30–21.30. Frå 18+, ingen øvre aldersgrense Kontakt: Renate Olsen Seim, tlf. 994 63 819
- Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik, tlf. 924 42 881
- Lillelørtdag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten, tlf. 450 63 016
- Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Beate Sørhus, tlf. 920 89 740
- Ungdomslørdag:** Annankvar laurdag frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover.
- Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531
- Basargruppa:** Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim, tlf. 907 29 222

## Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Torun Svennevik, tlf. 976 71 161
- Open kyrkje:** Kvar onsdag kl 09.00–12.30
- Kveldsbøn:** Ca. ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad, tlf. 971 42 176
- Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgne Lillevik Nilsen, tlf. 975 46 646
- Sotra Reviderte:** For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Ingjerd Huges Johansen, tlf. 922 32 815
- Øygarden kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag (oddetalsveker) kl. 19.45–21.30. Kontakt: Rune Lynglund, tlf. 408 73 642
- Fjell barnekor:** Barnekoret øver annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie, tlf. 408 85 692
- Fjell Vocalis:** Kvar tysdag kl. 19–21.30. Kontakt: Malgorzata Anna Tveit, tlf. 951 84 429

## Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.
- Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Blir annonsert. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437
- Kurskveldar:** Onsdagar i kyrkjelydssalen kl. 19.00 kvar fjortande dag. Kurskveldar i kristen tru i haustsemesteret.
- Bønefellesskap:** Kvar tysdag kl. 20.00. (på kvar vår stad). Meld bøneemne til: Jan Frank Christiansen, leirkar@gmail.com
- Bibelgruppe:** Kontakt: Jan Frank Christiansen, leirkar@gmail.com
- Landro Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.
- Landro Teenskor:** 13–18 år, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332
- Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Torunn Utvær, tlf. 922 34 648
- Ungdomsklubb:** I kyrkjekjellaren nokre fredagar kl. 18.30–21.00. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437

# Kontaktinfo

## SOKNERÅDSLEIARANE

### Fjell sokneråd:

Jorunn Småbrekke Gjersvik, jorunn.gjersvik@gmail.com

### Foldnes sokneråd:

Per Helge Refvik, perhelgerefvik@msn.com

### Landro sokneråd:

Tove Karin Lyngsmo Angelteveit, tove.karin@outlook.com

## KYRKJEVERJE

Annlaug Børve

473 04 530, ab766@kyrkja.no

## SJELESORG OG SAMTALE

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse	924 63 278
Sokneprest Bjarte Nese	915 32 437
Sokneprest Maria Tveten	450 63 016
Sokneprest Per Hjemdal	411 26 549
Prostiprest Knut Kaldestad	977 24 017
Diakon Astrid Fylling	971 75 733
Diakon Torunn N. Utvær	922 34 648

En jul  
å glede  
seg til

Mange familier går en tøff tid i møte.  
Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

**VIPPS en gave til 13130**

Gi på konto **3201 52 74165**

**+** **Blå Kors**



## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE!

– I KYRKJENE FJELL, FOLDNES OG LANDRO –

### SØNDAG 4. DESEMBER

**Fjell kyrkje kl. 18:** Lysmesse ved Per Hjemdal, konfirmantar deltek, offer til Kirkens bymisjon i Bergen.

**Foldnes kyrkje kl. 18:** Lysmesse ved Bjarte Nese, konfirmantar deltek og Øygarden kyrkjebrass spelar. Offer til FUNK.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Kjell-Asle Børnes, nattverd, offer til Kristent Integrerings arbeid.

### SØNDAG 11. DESEMBER

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp, offer til Bibelselskapet/Verbum forlag.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** NRK radio- og TV-gudsteneste ved Maria Tveten, offer til KIA Norge. Oppmøte 10.45.

**Landro kyrkje kl. 17.30:**

Vi syng jula inn! Sjå side 6.

### SØNDAG 18. DESEMBER

**Fjell kyrkje kl. 17 og Foldnes kyrkje kl. 17.30:** Vi syng jula inn! Sjå side 6.

### JULAFTAN 24. DESEMBER

**Fjell kyrkje kl. 14 og 16:** Familie-gudsteneste ved Per Hjemdal. Offer til Kirkens Nødhjelp / eige arbeid.

**Foldnes kyrkje kl. 14 og 16:**

Familiégudsteneste ved Maria Tveten, offer til eige arbeid.

**Landro kyrkje kl. 14.30 og 16:**

Familiégudsteneste ved Bjarte Nese, offer til Kirkens Nødhjelp.

### JULEDAG 25. DESEMBER

**Fjell kyrkje kl. 12:** Høgtids-gudsteneste med nattverd. Offer til Himalpartner.

**Foldnes kyrkje kl. 12:** Høgtids-gudsteneste ved Bjarte Nese, nattverd, offer til NMS Thailand/DNI - Jesu døtre.

**Landro kyrkje kl. 12:** Høgtids-gudsteneste ved Per Hjemdal, nattverd, offer til eige arbeid.

### 2. JULEDAG 26. DESEMBER

**Foldnes kyrkje kl. 12:** Gudsteneste ved Maria Tveten, dåp og nattverd, offer til Stefanusalliansen.

### SØNDAG 1. JANUAR

**Fjell kyrkje kl. 12:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, nattverd, offer til Blå Kors.

**Foldnes kyrkje kl. 12:** Høgmesse ved Maria Tveten, nattverd, offer til Kirkens Nødhjelp.

**Landro kyrkje kl. 12:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, nattverd, offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

### SØNDAG 8. JANUAR

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp, offer til Strømmestiftelsen.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd, offer til Amatheia.

### SØNDAG 15. JANUAR

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, nattverd, offer til eige arbeid.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Familie-gudsteneste sendt på NRK TV/P1+ ved Maria Tveten, dåp, offer til eige arbeid. Oppmøte 10.45.

### SØNDAG 22. JANUAR

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp, offer til Cuba.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd, offer til Bibelselskapet/Verbum forlag.

### SØNDAG 29. JANUAR

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 19:** Kvelds-gudsteneste ved Maria Tveten, offer til Himalpartner.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Bjarte Nese, dåp og nattverd, offer til eige arbeid.

### SØNDAG 5. FEBRUAR

**Foldnes kyrkje kl. 11:** Felles-gudsteneste i forbindelse med bibeldagen. Samarbeid med Fjell, Landro, Metso, Tremorkirken, ImF Straume, Pinsemenigheten Saron og Kristent Fellesskap. Offer til Bibelselskapet/Verbum forlag.

### SØNDAG 12. FEBRUAR

**Fjell kyrkje kl. 11:** Gudsteneste ved Per Hjemdal, dåp og nattverd.

**Foldnes kyrkje kl. 11:** NRK radio- og TV-gudsteneste ved Maria Tveten, offer til NMS Thailand/DNI - Jesu døtre. Oppmøte 10.45.

**Landro kyrkje kl. 11:** Gudsteneste med dåp og nattverd.



## LIVETS GANG

1. september- 13. november

### DØYPTE

#### Fjell kyrkje

04.09.2022

Isak Sylta  
Pia Bjørkedal

18.09.2022

Ylva Standal  
Magnus Mathias Steffensen

Aria Prestby

02.10.2022

Arthur Lie  
Jakob Eide  
Silas Oppermann  
Tilja Harkestad Hansen

Levi Veland

23.10.2022

Sunniva Karin Justad

Iver Lervik

Lennox Zahl

30.10.2022

Loke Markhus  
Emilian Ulmark

Liam Wilson

13.11.2022

Iben Sandstø Fosse

#### Foldnes kyrkje

04.09.2022

Adam Foldnes

Lukas Blix

Leon Blix

11.09.2022

Ella Holm

Liam Sande

Vienna Sævareid

18.09.2022

Ida Edvardsen  
Sofie Hjertholm  
Mia Ulvatn

09.10.2022

Ida Ågotnes  
Mateo Lavik  
Astrid Giebner

Maria Aule

23.10.2022

Tobias Sæbø

05.11.2022

Herman Evans  
Ulrik Evans  
Elias Haldorsen Jensen  
Tage Elias Volden

Emil Misje

Vilde Gryteselv

#### Landro kyrkje

16.10.2022

Sina Bartnes  
Snorre Stokka  
Emina Stokka  
Mina Sørensen

23.10.2022

Oskar Lie  
Elena Landro

### VIGDE

#### Fjell kyrkje

03.09.2022

Ida Marie Olsen & Stian Jakobsen

24.09.2022

Helga Foldnes & Steffen Lie Skålevik

22.10.2022

Helen Susanne Garmannslund  
& Chris Andre Breivik

#### Foldnes kyrkje

03.09.2022

Karina Sture Larsen &  
Daniel Svendsen Møllerop  
Bente Phil & Robert Ostnes

### DØDE

#### Fjell kyrkje

Herbert Marc Daelman Weber f. 1945

Guðrun Secilie Lie f. 1922

Marta Torbjørg Storesund f. 1940

Dagny Helen Dale f. 1955

Alf Danielsen f. 1938

Sidsel Nilsen f. 1947

Janne Katrin Berentsen f. 1976

Olga Johanne Sivertsen f. 1948

Malvin Monrad Lie f. 1935

Sigrid Margrethe Berg f. 1928

#### Foldnes kyrkje

Nils Arefjord f. 1941

Rolf Nordrik f. 1936

Gerd Kvamsdal f. 1946

Eivind Mikalsen f. 1932

Leon Roggen Hag f. 1934

Nils-Arne Ekerhovd f. 1956

John Aksel Kroken f. 1947

Åslaug Sherling f. 1930

Kristine Stenhjem f. 1994

Svein Ove Halvorsen f. 1946

#### Landro kyrkje

Nils Mikal Eide f. 1931

Johnny Magne Angeltveit f. 1970

Magnus Bernhard Fjellheim f. 1934

Aase Audhild Dyvik Cook f. 1956

Kristine Antonsen f. 1926

Vår Herre Jesus Kristus seier  
"Eg er oppstoda og livet. Den  
som trur på meg, skal leve om  
han så døyr. Og kvar den som trur  
på meg, skal i all æve ikkje døy."

Joh. 11. 25-26

◀ Vi tek atterhald om at det kan komme endringar i gudstenestene, følg med på nettsidene:

[WWW.KYRKJA.NO/OYGARDEN](http://WWW.KYRKJA.NO/OYGARDEN)




### MINNEGÅVE TIL UNGDOMSARBEIDET

I samband med gravferda til Laura Fjereide, vart det gjeve ei gåve til ungdomsarbeidet i Fjell sokn.

Soknerådet takkar så mykje for gåva til dette viktige arbeidet!

# Barne- kryssord



## Vannrett:

1. Bjørneseng
3. Stemme
6. Alexander som vant MGP
7. Servere
10. Roald Dahl
11. Organ
12. Åse Drivenes
13. Gårdsgutt
15. Dyrehotell
18. Jentenavn

**Bli med i trekninga av hamburger med drikke og dessert for 4 personar på Burger King Sartor!**



## Loddrett:

1. Jul
2. Kvitt dyr
4. Gripe
5. Kvise
6. Berge
7. Uro
8. Lever
9. Skogens konge
14. Norsk lærerakademi
16. Katten har .. liv
17. 1. person entall.

**Send inn kryssord til:**  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume  
Merk konvolutten: Kryssord  
Frist: 24. januar


**Vinnar av Barnekryssord i nr. 4 – 2022:**  
Nora og Max Ulveseth  
frå Ågotnes

Namn.....

Adresse.....

.....

**Returadresse:**  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



Velkommen til **julefest** for heile familien!



**Fjell kyrkje** laurdag 7. januar kl. 15.30

**Landro kyrkje** laurdag 7. januar kl. 16.00

**Foldnes kyrkje** søndag 8. januar kl. 16.00

Det blir song, andakt, julepregang, underhaldning, mat, kaker og mykje meir!

  
DEN NORSKE KYRKJA  
Øygarden kyrkjelege felle råd



## Ei feiring av livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding til dåp og dåpskurs gå inn på [kyrkja.no/oygarden/dap](http://kyrkja.no/oygarden/dap)